

Årsmelding 2019 for Bygdelaget 5915

Desse har vore styremedlemer sidan årsmøtet i 2019:

Inger Helen Midtgård (leiar), Osvald Fyllingen (kasserar), Ronny Fremstad, Gunnar Angelskår og Elin F. Styve. Wenche Grønnevik har vore 1. vara.

Samandrag

Liv OG Lyst prosjektet (LOL) har naturleg nok vore innramminga for aktiviteten i 2019.

LivOgLyst-perioden hittil er brukt til å vera ein arena for folk sine idéar, skapa møteplassar der idéar kjem opp, og kunna ta tak i desse. Me vil få folk til å delta aktivt, og få med alle aldersgrupper og ulike grupperingar i bygda.

Målet er å testa ut idéane, og sjå om dei er berekraftige over tid. Det er eit mål å sikra at både langsiktig og kortsiktig aktivitet skal gjennomførast, slik at ting med tida skal kunna gå av seg sjølv. Bygdelaget si rolle er å vera fødselshjelpar for initiativ som folk kjem med, vera kanal og bindeledd og sikra økonomisk tryggleik for aktivitetar i utprøving.

Erfaringane frå 2018 som viste at det var litt vanskelig å få enkeltpersonar og idégrupper til å gå saman om å ta forslaga sine ut i livet, medførte litt endra ambisjonar for 2019. Det betyr at handlingsplanen som vart laga på første Liv og Lyst samling i 2018 vart omgjort til eit verktøy for ein meir langsiktig tanke der me på ulike arenaer omtalar han og gjev ei påminning om at bygdelaget og LivOGLyst er ei støtte for dei som ønskjer å ta tak i nokre av idéane, eller koma med nye. Me trur at mykje treng å modnast over tid, og i takt med nyinnflytting og anna utvikling i bygda er det rom for å trekka inn nye personar og eldsjeler etter kvart.

Liv og Lyst-kvelds i Storstova vart etter kvart eit innarbeida omgrep for store og små samlingar der felles innsats for bygdefelleskapet var tema. Enkel servering med rundstykke-buffé og samling rundt borda der samtalar og nye kontaktar utfaldar seg, har vist seg å vera samlande.

Aktivitetane i året som gjekk vart jamt fordelt per måned. Eit hovudpoeng for bygdelaget var å ha så stor breidde i arrangementa og møteplassane at alle generasjonar kunne finna noko som fall i smak minst ein eller fleire gongar i løpet av året. Det lukkast me med. Dette ser me både av frammøte på arrangementa våre, og på engasjementet på Facebooksida vår. Både ungdom, vaksne og den eldre garde engasjerer seg og deltek. Å samarbeida med andre som ungdomslag og handelslag er også ein styrke og ei målsetting som me har fått til og hatt god erfaring med.

Aktivitetar

Blant tiltaka som vart gjennomført var i 2019:

- Sildefiske, prekevering og lubbesildfestival
- Bygdevandring/vårtur til «Masfjorden», der tuftene av det gamle forsamlingslokalet står att. Naturopplevingar og lokal historieforteljing stod i sentrum for aktiviteten.
- Bygdekveld i ungdomshuset Ljosheim med den lokale trubaduren B.O. Clausen på scenen.
- Namnefest og markering av Steinarstova, eit av bruksromma i Storstova. Dette vart kombinert med årsmøte og foredrag om berekraftig bygdeutvikling ved Kari Natland, prosjektleiar for Nordhordland biosfæreområde.

- Vårkonsert i samarbeid med Brekke mannskor og ungdomslaget Heimhug i Storstova
- Seinsommandag på kaien i september, i samarbeid med UL Heimhug og Hjelmås handelslag L/L og Handelslagets vener, med stort oppmøte, lokale sjørøvararar, feiring av butikken sitt 120 års jubileum, fiskekonkurranse, bygdekafé og lek og moro for alle.
- Opning og namnemarkering Sandbergsalen i Storstova. Lokalet var overfylt av folk frå fleire generasjonar som kom for å hylla familien Sandberg sit lange filmproduksjons-liv med Hjelmåsbygda som scene for mange av filmene. LivOGLyst-kvelds og film-marsipankake til alle.
- Oppstart av møteplassen «heime på dagtid», der bygdefolk mellom 18 og 70 år som av ulike grunnar (skiftarbeid, arbeidsløyse, permisjon, sjukemelding eller anna) er heime på dagtid og har lyst til å vera litt sosiale eit par timar midt på dagen. Tiltaket har rom for aktivitetar som deltakarane sjølve finn på inne eller ute. Eit populært tilbod.
- I november vart den vandrane matfestivalen Tour de Hjelmås arrangert på nytt, tiltaket let til å vera så populært at det er kome for å bli.
- I desember arrangerte me Romjulscup med innefotball, noko som også var eit kjærkome tiltak som skal prøvast på nytt i neste romjul. Romjulscupen var i samarbeid med ungdomslaget Heimhug.
- Bygda samla seg i 2019 også om tilbakemeldingar i ei spørjeundersøking om behovet for kollektivtransport. Resultata frå undersøkinga vart overlevert Skyss og kommunen, og me vil framleis prøva å koma i dialog med dei for å få betra kollektivtilbodet til og frå bygdene våre.
- Styret i bygdelaget var representerte av Inger Helen Midtgård og Wenche Merete Grønnevik på Liv og Lyst-konferansen til Regionalforvaltninga.

Årets sambygding

Prisen vart tildelt leiar i ungdomslaget Heimhug, Christine Westervik, for hennar formidable innsats med å skapa aktivitet, samhald, glede og trivsel i Hjelmåsbygda.

Gladihaugpokalen

Heile tre personar fekk pokalen, då alle hadde høgst oppnåelege tal med turar: 365. Dei spreke pokalvinnarane var Markus Hopsdal, Tomas Fjellstad og Britt Hege Fjellstad.

Tiltak

Me har gjennomført ei undersøking om innbyggjarane sine meiningar og ønske for kollektivtilbodet til bygdene våre. Resultatet av undersøkinga vart sendt til Skyss og til kommunen. Svaret frå Skyss er at dei vil ta innspela med i vurderingane av rutetilbodet til hausten.

Bygdelaget har hatt høg aktivitet på Facebook, og noko aktivitet på Instagram. Nettsidene våre blir brukt til statisk informasjon om laget, kontaktinformasjon til andre lag og organisasjonar, og til oppdateringar om hendingar knytt til bygdelaget sine aktivitetar. Nettsida er ikkje, og skal heller ikkje vera, ei nyhetsside.

Me ser at ulike møteplassar og hendingar både byggjer bru, gjer folk kjende, etablerer nettverk og felles kultur. Me ser også at ulike møteplassar appellerer til ulike folk, i ulike aldrar. Slik bidrar LivOGLyst til auka aktivitet og at fleire deltek.

Økonomi og medlemskap

Økonomien i Bygdelaget har i 2019 vore god. Det har vore god likviditet gjennom året, og alle rekningar er blitt betalt på forfall. Tilskot frå LivOGLyst, kulturmidlar fra kommunen og tippemidlar har bidrege til dette. Søknad om momskompensasjon på lydanlegget var også eit bra bidrag sjølv om det beløpet me fekk var betydelig lågare enn det me søkte om. Medlemskontingent-innbetalingane blei nærmare halvert samanlikna med året før. Noko av årsaka til dette kan vera at utsendinga var for nær opp til sommarferien. Kort oppsummert kan me likevel seia at alt i alt har økonomien vist ei fin utvikling gjennom 2019.

Hjelmås 20. august 2020

Inger Helen Midtgård

leiar

Elin F. Styve

skrivar